



Statens legemiddelverk
Hilde Holme
Sven Oftedals vei 6
0950 Oslo

Dykkar ref.: 06/02918-26 Vår ref.: 2007/949 - 3
MAB SIAA 452.2

Dato: 22.10.2007

■ Svar på høyring - endring i forskrift 2003-08-14 nr 1053 om omsetning o.a. av visse reseptfrie legemidlar utanom apotek

Konkurransetilsynet viser til høyring 13. september 2007 om endring i forskrift 2003-08-14 nr 1053 om omsetning o.a. av visse reseptfrie legemidlar utanom apotek.

Tilsynet er positiv til den føreslåtte endringa om å fjerne kravet om særskilt løyve i § 3 i forskrifta og erstatte med heimel for Statens legemiddelverk til å nedleggje forbod mot omsetning overfor verksemder som ikkje vert sett på som skikka. Endringa vil kunne føre til at fleire tek del i ordninga med sal av reseptfrie legemidlar utanom apotek. Dette vil kunne auke konkurransen overfor apoteka og stimulere til priskonkurranse og betre tilbodet til sluttbrukar.

Endringsforslaget vil vidare innebere ei effektivisering, då fjerning av søknadsprosessen vil krevje mindre administrasjon.

Konkurransetilsynet har ikkje ytterlegare merknader til høyringa, men viser til tidlegare høyringsfråsegner vedrørande sal av reseptfrie legemidlar utanom apotek, jf. særskilt 24. mars 2003 og 24. april 2006.

Med helsing

Jostein H. Solberg (e.f.)
seksjonsleiar

Silje Aarvik
fyrstekonsulent

Kopi til:
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
v/Berit Ottesen
Postboks 8004 Dep.
0030 Oslo